

RAPPORT
MILJØRETTA INSPEKSJON VED SOTRA VIDAREGÅANDE SKULE, AVDELING
BILDØY

Straume 14.07.2016

Tilstade:

Gunn Halvorsen Knudsen - Hovudverneombod
Marit Molland – Leiande reinhaldar (vara)
Natalie Valkner - Elevinspektør
Ørjan Sandanger- Driftsleiar
Joachim Knudsen Indrevik – Elevrådsleiar
Antonio Hernandez - Skulelege
Berit Algrøy- Helsesøster

Fråfall:

Magnhild Hakestad – Rektor
Torstein Telle – Assisterande rektor

Rammene for møtet var gjennomgang av fjorårets rapport, utfylling av skjema med kommentarar og drøfting av mulige nye problemstillingar. Rapporten byggjer derfor på dette samarbeidsmøtet, samt ei inspeksjonsrunde i bygningane.

1. Trafikksikring

Store bilar med vareleveranse ryggar opp mot hovudbygget. Området nyttast av elevar ved Fjell ungdomsskule og elevar ved Sotra vidaregåande skule. Det er trong for eit samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen for å få på plass ein gangveg eller eit fortau.

2. Areal

VG3 Automasjon kan ikkje ha full klasse.

Klasserommet er opphavleg eit lager og oppfyller ikkje arealnormene.

Det er behov for nytt klasserom til elevar i VG3, automasjonsklasse.

Fellesareal

Det er behov for felles opphaldsrom/kroker med sitteplasser og belysning for å unngå at elevar oppheld seg i klasseromma i friminutta.

3. Kjøkken

Kjøkken skal totalrenoverast og det vert installert nytt ventilasjonsanlegg sommar 2016. **Det er trong for støymåling hausten 2016.**

Verneombod på RM har fylt på eigne førstehjelp boksar/skap. **Det er trong for faste rutinar for påfyll og sjekk av innhald i fyrstehjelpsskapa som er kjøpt inn og gamle fyrstehjelpskofferter bør fjernes.**

Det er trong for **rutinar** for påfyll og sjekk av innhald i fyrstehjelpsskap.

4. Kantinekjøkken

Trongt og tungvint for elever/lærarar som arbeider der og for personalet som reingjer rommet. Skulen ynskjer seg nytt kantinekjøkken (full rehabilitering) og ny større kantine for elevane.

5. Tryggleik og beredskap

Ein treng øve på evakuering av Bildøyhallen. Fjell kommune har ansvar for hallen. Elevar ved Sotra vidaregåande skule nyttar hallen til ulike aktivitetar.

Skulen har hjartestartar. Det er ynskje om demonstrasjon av hjartestartar og basal hjarte- lungeredning hausten 2016. **God praksis i skulen føreset at tilsette kan bruka fyrstehjelpsutstyr. Dei to viktigaste tiltaka som fører til økt overleving etter hjertestans er tidlig hjerte- lungeredning og tidlig defibrillering (bruk av hjartestartar).**

6. Sanitære forhold

Toalett i 2. etasje (rom 247) manglar ventilasjon og er vanskeleg å halde reint pga. koparrør under vask har mykje irr.

Elevane klager på toaletta i 1. etg. Det er et opent område som er veldig lytt.

Reinholdarane klager på lukt som ein ikkje får vekk frå avløp i urinal. Golvbelegget på både gutte- og jentetoalettet er gammalt og slitt.

7. Arbeidshall mekanisk bygg

Lærer på verkstad har fylt på eigne førstehjelp boksar/skap. **Det er trong for faste rutinar for påfyll og sjekk av innhald i fyrstehjelpsskapa som er kjøpt inn og gamle fyrstehjelpskofferter bør fjernes.**

Det er trong for **rutinar** for påfyll og sjekk av innhald i fyrstehjelpsskap

Det er mangel på fellesareal i mekanisk bygg.

Konklusjon

Mykje som var omtalt som lite tilfredsstillande etter tidlegare samarbeidsmøter er no utbetra og under utbetring. Nokre punkt står att og nye punkt er komen til, men mykje av dette krev midlar som skulen ikkje rår over.

Kopi av rapporten er sendt til:

Leiande helsesøster i Fjell kommune Astrid Paulsen

Kommuneoverlege 1 i Fjell kommune Stein Inge Stigen

Rektor på Sotra vidaregåande skule Magnhild Hakestad

Driftssjef i Hordaland fylkeskommune Nils Endre Grønås

Eigedomssjef i Fjell kommune Bjørn Erik Kristiansen

Skulehelsetenesta ved Sotra vidaregåande skule, avdeling Bildøy.

Berit Algrøy

Helsesøster

Mobil: 90678053/9520800

Berit Algrøy

Straume Helsestasjon
Blombakkane 2
5353 STRAUME
Tlf. 55096810

MILJØRETTA HELSEVERN

INSPEKSJON PÅ SOTRA VIDAREGÅANDE SKULE (jfr. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m)

Anbefalte personar til stade på inspeksjonen: Rektor/inspektør, vaktmeister, skulelege og/eller helsesøster, verneombod

Til stade: Sjå rapport

Dato: 02.06.16

UTFORMING OG INNREIING (Jfr. § 9)

JA NEI KOMMENTAR

Er det teke omsyn til god fysisk tilgang for personar med ulike funksjonshemmingar?			Det manglar heis i mekanisk bygg. I hovudbygget er det tilrettelagt for fysiske funksjonshemmingar. Skulen har også tilrettelagte forhold for svaksynte elevar. Det er no tilrettelagt for hørselshemma i fleire klasserom(217 og 221) i tillegg til realfagsklasserom og biologirom.
Er utforming og innreiing slik at skulen er lett å halde rein, til dømes ved at minst mogleg skit og støv blir drege inn?			Elevar går over plen frå bibliotek til trappeinngang. Det er trong for heller over plenen.
Er uteområda trafikksikre?		X	<u>Store bilar med vareleveranse ryggar opp mot hovudbygget</u> Uendra frå 2013. Dette vedkjem òg elevar ved Fjell ungdomsskule. Mange har skulevegen sin forbi her. Skulen ønskjer at det vert laga fortau, slik at elevar og lærarar kan skjerme seg for tungtrafikken

Finst det egne stader for oppbevaring og tørk av yttertøy?		x	Kommentar ved tidlegare inspeksjonar fortsatt gjeldande: Ingen knaggar eller garderobar til å plassere yttertøy. Elevar tar med kle inn i klasseromma. For elevar som går på linjer der ein treng skifte kle er det garderobeskap. Nokon skap treng opp gradering.
Er bord og stolar tilpassa elevane?	x		
Er særlege forureiningskjelder, som kopimaskin, skrivarar og faksar plassert i egne ventilerte rom?	x		
Er arealnormene oppfylte? (min.2 m2 per elev) Det foreligger generelle anbefalinger om minimum nettoareal per elev på 50 m2 justert etter skolestørrelse og beliggenhet (<i>IS-1130 helsedirektoratet</i>).		x	Det varierer frå klasse til klasse. Klasserommet til 3ELAUTA oppfyller ikkje arealnormene. Skulen manglar 1500m2 på fellesareal.

AKTIVITET OG KVILE (Jfr. § 10)

Er leike/uteområdet slik at det gjev god høve for leik og aktivitet for alle aldersgrupper på skulen?		x	Kommentar ved tidlegare inspeksjon er fortsatt gjeldande. Lite uteområde. Mange elevar vel å vere inne i friminutta. Det er trong for felles opphaldsrom/ «kroker» for å unngå at elevar set i klasseromma i friminutta Ein ser for seg at ein bør ha faste sitte grupper inne v/ kantine v/ inngang i 2. etg. og utanfor biblioteket. Byggfag skal produsere benker og bord til bruk ute.
Gjev leikeområdet høve til leik til alle årstider?			Ikkje aktuelt.

MÅLTID (Jfr. § 11)

Er det faste måltid og ikkje meir enn 3-4 timar mellom måltida?	x		
Har skulen tilbod om mjølk, frukt og grønnsaker?	x		
Har skulen kantine/matsal?	x		
Har elevane god tid til å eta, min.20 min.?	x		
Har elevane tilsyn medan dei et?		x	
Har barn i SFO høve til å eta frukost og eit måltid etter føremiddagsmåltidet?			Ikkje aktuelt.
Har skulen tilfredsstillande rutinar for kjøling av mjølk, mm, dvs. kjøleskap med termometer?	x		

PSYKOSOSIALE FORHOLD (Jfr. § 12)

Er det etablert tverrfaglig nettverk tilknytt skulen (f eks skule, barnevern, PPT, skulehelsetenesta)	x		Ressursteam annakvar veke (OT/PPT, skulehelsetenesta og skule), SLT- møte to gongar i semesteret. Tverrfagleg team (skulehelsetenesta og rådgjevarane ved skulen) har ikkje hatt møte inneverande skuleår pga. at helsesøster og skulelege ikkje er på skulen samstundes og rådgjevarane har undervisning når skulelegen er på skulen..
Har skulen rutinar for førebygging av mobbing og vald?	x		Viser til skulens handlingsplan. Mobbing skal være tema i alle klassane ved «psykisk helse-dagane» VIP. Plakat. Fokusområder. Fortsetter 2016/17. Planlegger tema i klassens time. Tema skal tas opp på flere fellesmøter m/skolens ansatte.
Har skulen rutinar for handtering av alvorlege uforutsette hendingar som barns/foreldres død, misbruk mm?	x		Viser til skulens kriseberedskapsplan. Både på fylket og lokalt. Kvalitetsportalen.

REINGJERING OG VEDLIKEHALD (Jfr. § 13)

Har skulen ein eigen plan for reinhald? (Jfr. Sjekkpunktliste frå eigedomsavd.)	x		
Vert vaske- og desinfeksjonsmidlar oppbevarte på ein tilfredsstillande måte?	x		
Har skulen rutinar for ettersyn og vedlikehald av tekniske anlegg og ventilasjonsanlegg?	x		
Er det rutinar for vedlikehald og reingjering av uteområdet?	x		Skulen har faste ryddelister/rutinar. Det er røyk og snusforbod på området. Elevene får info på it`s learning.

TRYGGLEIK OG HELSEMESSING BEREDSKAP (Jfr. § 14)

Har skulen rutinar for vedlikehald og opplæring i bruken av brannslukningsmateriell og for brannvarsling?	x		Elevar: Øver på evakuering kvart halvår. Personale: Øver på sløkking og evakuering kvart halvår. Ein treng øve på evakuering av Bildøyhallen. Fjell kommune har ansvar for hallen.
Har skulen rutinar for bruk av open eld, bruk av elektriske apparat og oppbevaring/bruk av brannfarlig materiale?	x		
Har skulen rutinar for evt oppfylgning av utbetringar?			HMS arbeid. Vernerunde x 1/år. Avviksmeld. Qm+
Er det registreringsrutinar (skademeldingsskjema) etter ulykke /skadar?	x		
Har spesialrom for kjemikalier tryggleiksutstyr, låsbare og brannsikre skap o.l.?	x		
Har skulen rutinar for bruke av kjemikalier?	x		
Har skulen reglar om antall vaksne pr. barn, krav til fyrstehjelp og livredning etc. ved utfluktar, leirskuleopphald, symjeopplæring?			Skulen driv ikkje med symjeopplæring og leirskuleopphald. Det er alltid to vaksne med ved utfluktar. Eige reglement om studietur. Ynskje om demonstrasjon av hjartestartar og basal hjerte- lungeredning haust og 2016.
Har skulen varslingsrutinar, oppdaterte telefonlister til varsling av foreldre og hjelpeinstansar?	x		

FYRSTEHJELP (Jfr. § 15)

Er det tilgjengelig fyrstehjelpsutstyr på skulen?	x		Det er kjøpt inn komplett fyrstehjelpskap på verkstadane og på kjøkkenen.
Er det rutinar for påfyll etter bruk?		x	Verneombod på RM og lærer på verkstad har fylt på eigne fyrstehjelp boksar/skap. Faste rutinar må etablerast.
Er fyrstehjelpsutstyret hensiktsmessig plassert i forhold til brukarane?	x		
Har skulen definert ansvarsfordeling ved skadar og ulykker?	x		

SANITÆRE FORHOLD (Jfr. § 23)

Er det tilstrekkeleg ventilasjon i dei sanitære anlegga?		x	Kommentar ved tidlegare inspeksjon fortsett gjeldande: Ikkje heilt tilfredsstillande. Ingen ventilasjon 2. etasje rom 247. Elevane klager på toalettfasilitetane i 1. etg. Det er et opent område som er veldig lytt.
Har elevane tilgang på drikkevatt (vask i klasserommet)?	x		Ein dispenser i TIP bygg og to i hovudbygg. Vask i alle klasserom.
Har handvaskane både varmt og kaldt vann?	x		
Har blandebatteriet skåldesperre på dei vaskane som er tilgjengelig for små barn?			Ikkje aktuelt
Er det dispenserar for flytande såpe og papir handkle ved alle handvaskar?	x		
Finst det toalett og sanitært utstyr i tilstrekkeleg tal og i god stand? (minst 1 toalett per 20 elevar)		x	Kommentar ved tidlegare inspeksjon fortsatt gjeldande: Skulen har færre toalett enn standard krav. Nokon gonger klagar elevar og seier at dei må bruka timen pga. kø. Toalett i 2. etasje (rom 247) Koparrøyr under vask har mykje irr og er vanskeleg å reingjere. Golvbelegg er slitt.
Har alle jentetoalett avfallsbøtte med oppsamlingspose og lokk?	x		

Har sanitæranlegga synlege spor av råteskadar/muggsoppangrep?		x	
Er det toalett tilrettelagt for funksjonshemma i tilstrekkeleg tal?	x		

INNEKLIMA OG LUFTKVALITET (Jfr. § 19)

Er det mogeleg å regulera temperaturen i kvart einskild rom?	x		<p>Datastyrt system som ikkje fungerer godt på veldig kalde/varme dagar. Det fins ikkje kjøling på HFK sine ventilasjonsanlegg. Skulen ventar på utbetring av systemet. Spesielt på rom 202 og 221 har det kome meldingar om opplevd ubehag og hovudverk hos elevane.</p> <p>Anlegget justeras hele året.</p> <p>Har hatt problem med kald luft i realfagsrom. Rørsle sensor. Varme frå radiator settas på kl.07:00 mot før kl.08:00.</p> <p>Automasjon kan ikkje ha full klasse.</p>
Er det tilstrekkeleg sol skjerming i romma?		x	<p>TIP bygget.</p> <p>3 etg hovudbygg byter alle vindauge til solrefleksjons vindauge sommar 2016.</p>
Kan vindauga opnast?	x		
Er det samsvar mellom bruken av romma og ventilasjon?		x	TIP og elektro har for lite areal.
Er det temperaturmålar i romma?	x		
Finst det teikn til fuktskadar (spor/lukt av mugg, råte o.s.v.)?		x	Kjeller under klasserom 221 er utbeta.
Har ein hindra støvsamlende flater i romma? (ved lukking av opne hyllar, igjen bygging av skap til tak)			Delvis.

BELYSNING (Jfr. § 20)

Er belysninga i kvart einskild rom tilpassa aktiviteten i rommet?	x		
Har romma tilfredsstillande tilgang på dagslys?		x	Med eit unntak: Lunsjrom/møterom i adm.

LYDFORHOLD (Jfr. § 21)

Er det ein hensiktsmessig organisering av dei ulike aktivitetane i forhold til kvarandre og til andre støykjelder?	x		
Er det føreteke kartlegging av støy frå aktuelle tekniske installasjonar (max 32 dBA)		x	
Er lyd tilhøva i dei ulike romma vurdert ut frå eksterne støykjelder? (max 30 dBA)	x		Kontoret til skulehelsetenesta er utbetra.

AVFALLSHANDTERING (Jfr. § 24)

Er avfallsbeholdarane sin plassering og antall hensiktsmessig?	x		
Blir avfallsbeholdarane tømt regelmessig?	x		
Førekjem evt kompostering av hage- og matavfall i overeinskomst med evt kommunale retningslinje?	x		

Inspeksjonen er delegert frå kommunelege 1.

Skulehelsetenesta seier frå seg ansvar for tilhøve som ligg utafor vårt kompetanseområde (eks målingar av lyd, lys, inneklima og kontroll av leikeapparat utover dei punkta som står i skjema)

Kopi av rapport sendast til leiande helsesøster, kommunelege 1, rektor og leder eigedoms- avdelinga i kommune og fylkeskommune..

Stad, dato: Straume 02.06.16

Underskrift: Berit Algrøy, helsesøster.

Straume Helsestasjon
Blombakkane 2
5353 STRAUME
Tlf: 55096810